


BIOPOSTEN

Nytt fra Avdeling for medisinsk biokjemi

nr.1-juni 2016



Frå Flofiellet

Ny internettside

Helse Møre og Romsdal har fått nye internettsider. På Avdeling for medisinsk biokjemi si side finnast no blant anna oppdatert brukarhandbok, analyselister og ringegrensar.

<https://helse-mr.no/avdelinger/klinikk-for-diagnostikk/avdeling-for-medisinsk-biokjemi>

Tinging av rekvisita

Tinging av rekvisita skal no gjerast frå internettsida. Gå til rekvisisjonar og prøvetakingsutstyr for «ditt» sjukehus, fyll ut skjema og send inn.

Postsendingar på fredagar

Frå 1. april slutta Posten å levere ut sendingar på laurdagar. I Møre og Romsdal har vi fått til ei ordning med opphenting av prøvar på fredagar frå dei fleste legekontor som til vanleg brukar postforsending. Opphentinga vert gjort av Bring. Vi er svært glade for å ha fått til denne ordninga som mange andre helseføretak ikkje har fått til.

Sjukeheimar har til no ikkje fått dette tilbodet. Vi ber sjukeheimar som ynskjer å sende prøver på fredagar, om å ta kontakt. Prøvane kan i så tilfelle leverast til næraste legekontor slik at opphentinga blir samla.

Dei legekontora som har kofferthenting er ikkje med i ordninga. Mange av desse legekontora sender prøver til Avdeling for medisinsk mikrobiologi direkte til Molde med Posten. På fredagar frå og med 4. juni kan dei som høyrer til Ålesund sjukehus, legge prøvane som skal til Molde i kofferten. Prøvane vil då bli sendt vidare til Molde frå Ålesund sjukehus på laurdag. Hugs å bruke ufrankert konvolutt og merk konvolutten **Medisinsk mikrobiologi MOLDE**.

For oss i sjukehusa er det også ei utfordring når det gjeld prøvar som blir sendt frå sjukehuset til laboratorier ved andre helseføretak. Slike prøver bør ein unngå å ta på fredagar. Ta kontakt med oss dersom det er spørsmål rundt dette.

Avdeling for medisinsk biokjemi har sidan siste nummer av Bioposten gjennomført mange endringar.

I Ålesund og Volda er det tatt i bruk nye analyseinstrument som har medført mange nye rutinar og ein del nye metodar. Det mest positive er at vi no har same metodar for dei fleste analysane ved alle laboratoria i avdelinga i HMR.

I Molde er blodbanken pussa opp og utvida med nye brakker.



Frå åpninga av «ny» blodbank i Molde

Prøvetaking av polikliniske pasientar frå primærhelsetenesta

AMB hjelper gjerne til med prøvetaking av born, «vanskeleg» prøvetaking og ved prøvetaking til spesialprøver, til dømes prøver som skal frysast, spesielle hormonprøvar med meir.

NB! Ingen pasient bør stikkast meir enn to gonger av same person. Send pasienten til oss dersom de treng hjelp.

Det viser seg at det i tillegg kjem ein del pasientar som burde ha tatt prøvane hos primærlegen. Våre poliklinikkar har ikkje kapasitet til å ta i mot mange pasientar frå primærhelsetenesta dersom vi skal klare å yte god sørvis for pasientane i spesialisthelsetenesta.

Av erfaring ser vi det kjem mange pasientar frå legekontora om sommaren. Vi kan dessverre ikkje ta i mot pasientar til prøvetaking der grunnen er at legekontoret er stengt. Det har vi ikkje bemanning til.

Prøvetaking til hormonprøver klokka 20, og prøvetaking som MÅ utførast på laurdag/søndag må vere avtalt spesielt med laboratoriet.

Samling av urin til Kalsium døgnmåling:

Kontakt laboratoriet og få utlevert samledunk som er tilsett syre (HCL). Be om prosedyre for samling av urin eller les prosedyre i EQS id 24359.

Pasienten skal aldri late vatnet rett i dunk som er tilsett syre.

*«Syre i vann-det går an!
Vann i syre er uhyre!»*

Prøver til St. Olavs hospital

Det er eit ønskje frå St. Olavs hospital at alle serumprøver vert tatt på lange 5 ml rør. Dette ønsket gjeld også for våre laboratorier.

*Avdeling for medisinsk biokjemi
ønskjer våre rekvirentar ein riktig
god juni månad og ein fin ferie.*

*Med vennleg helsing
Brit Valaas Viddal
avdelingssjef*

brit.valaas.viddal@helse-mr.no